
Sluttrapport

Søknadstype	Sluttrapport
Prosjekttittel	Lesarhistoria - ny veg til lesaren
Mål for prosjektet	<p>Prosjektet "Lesarhistoria - ny veg til lesaren" tek utgangspunkt i omgrepet lesarhistorie, som kan definerast slik:</p> <p>"Begrepet leserhistorie brukes for å karakterisere mer enn en lesers kodekompetanse, leseflyt, leseforståelse og forståelsesevne. I en leserhistorie inngår også leserens lesererfaring på godt og vondt og metaperspektivet leseren har på egen lesing og leseutvikling. I leserhistorien kartlegges for eksempel holdninger til lesing, lesemodeller eleven har i nære relasjoner, og mulige temaer og sjangrer leseren kan motiveres av. Medievaner og elevens forhold til digitale tekster og sosiale medier kartlegges, i tillegg til elevens bruk av skole- og folkebibliotek" (Kverndokken, K.: Gutter og lesing, 2013, s.156).</p> <p>Prosjektet har som utgangspunkt at ulike barn treng ulike tekstar. Vi ser til dømes at det ofte er skilnad på kva slags tekstar gutar og jenter vel, og vi veit at sterke og svake lesarar treng utfordringar på kvar sine nivå. Folke- og skulebiblioteka skal leggje til rette for tekstmangfald og drive aktiv formidling, og skulen er etter læreplanane pålagt å undervise i mange forskjellige typar tekstar. Forsking tyder på at tilgang til ein variert tekstbase kan heve lesekompetansen i ei gruppe. Vi ser dessutan at fritidslesing har mykje å seie for oppøving av leseferdigheiter og leseforståing. I hovudprosjektet ynskjer vi å finne ut meir om korleis nye formidlingsmetodar kan utviklast med utgangspunkt i barns og unges lesarhistorier. Vi vil auke kunnskapen om korleis vi kan skreddarsy formidlinga til den einskilde, gjerne i mindre lesegrupper eller lesesirklar. Vi trur at folkebiblioteka, skulane og barnehagane treng å samarbeide om litteraturformidlinga, og at det nødvendig å evaluere formidlinga meir systematisk. Ein viktig del av forprosjektet har difor vore å engasjere ein ekstern rettleiar, ein forskar, som har gitt råd i planlegginga, og som skal hjelpe oss med å gjennomføre hovudprosjektet og å formidle resultatata frå prosjektet.</p>

Sluttrapport

Prosjektet er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkesbibliotek, fem folkebibliotek, fire skular og ein barnehage og med Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA). Målgruppene er tilsette i folkebibliotek,

skular og barnehagar som arbeider med leseopplæring, lesestimulering og litteraturformidling for barn og unge i alderen 5-16 år. Forprosjektet handla om å etablere samarbeid mellom aktuelle partnerar, kartleggje behov og ressursar, bestemme metode for gjennomføring og evaluering av hovudprosjektet i samråd med ekstern rettleiar/forskar og å lage prosjektplan for hovudprosjektet.

I ein innleiande kartleggingsfase undersøkte vi kven som kunne vere aktuelle samarbeidspartnarar i prosjektet. Vi ynskte variasjon både i kva type formidling deltakarane ville satse på og på kva aldersgrupper dei retta seg mot. Likeeins var det viktig å få geografisk spreing innan fylket og å ha med kommunar av ulik storleik. Vi ville òg dra nytte av erfaringane frå Program for skulebibliotekutvikling (2009-2013). Kommunane i Sogn og Fjordane som hadde delteke i programmet vart informerte om prosjektet, og Krokane skule i Flora kommune og Flora folkebibliotek melde interesse for å vere med. Vidare ville vi ha med skular/barnehagar som vi visste hadde arbeid målretta med leseaktivitetar. Sagatun skule i Balestrand kommune har mellom anna opparbeidd kunnskap om vurdering av ungdomslitteratur gjennom å være juryklasse for Uprisen. Skulen har eit nært samarbeid med Balestrand folkebibliotek, som nyleg vart kombinasjonsbibliotek med skulen. Gloppen bibliotek er òg kombinasjonsbibliotek, og har lang erfaring med aktiv formidling til barn og unge. I prosjektet samarbeider dei med Nordstranda skule. Biblioteket har delstilling som barne- og ungdomsbibliotekar. Det same har Sogndal bibliotek, som har etablert samarbeid med Kaupanger skule i prosjektet. Òg i Bremanger kommune er det tilsett barne- og ungdomsbibliotekar i delstilling. Bremanger bibliotek har satsa på samarbeid med Davik barnehage om formidling til dei minste. Barnehagen arbeider målretta med litteraturbruk og lesing. Sjå vedlagde prosjektplan med oversikt over delprojekta.

I hovudprosjektet skal formidlingspraksis både i skule/barnehage og folkebibliotek vere forskingstema. Vi såg etter forskingsmiljø som var opptekne av korleis litteraturen verkar inn på individ og grupper, og av bibliotekets rolle i litteraturformidlinga. Det var naturleg å vende seg til HiOA og forskargruppa LITKULT (Litteratur- og kulturformidling). Førsteamanuensis Kjell Ivar Skjerdingstad leier gruppa, som forskar på "hvordan tekster og andre kulturuttrykk konstrueres, samles og formidles, og hvordan de bidrar til individuell og samfunnsmessig utvikling og forståelse». Gruppa arbeider mellom anna med formidlingspraksisar i bibliotek, og ser på kva funksjon tekstar har på individ- og gruppenivå.

Ressursgruppa i forprosjektet bestod av representantar for fylkesbiblioteket og dei deltakande biblioteka, skulane/barnehagen og Kjell Ivar Skjerdingstad frå HiOA. I løpet av forprosjektperioden var det to faglege plenumsmøte/seminar og ei rekkje møte/samtalar om delprojekta. I tillegg arrangerte fylkesbiblioteket hausten 2014 ein fagleg konferanse om formidling av barne- og ungdomslitteratur, i samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, LNK/Landssamanslutninga for nynorsk kommunar/Framtida.no, Samlaget og Førde kommune. Prosjektkommunane deltok med representantar for biblioteka og skulane/barnehagen. I samband med konferansen vart Forum for formidling av barne- og ungdomslitteratur i Sogn og Fjordane etablert, der projektkommunane kjem til å få ei sentral rolle.

Som resultat av forprosjektet er det utarbeidd prosjektplan og søknad om hovudprosjekt. Prosjektplanen beskriv den teoretiske plattformen for prosjektet og inneheld planar for fem delprosjekt som varierer når det gjeld innhald, omfang og målgrupper, men som alle føreset eit tett og nært samarbeid mellom folkebiblioteket og den samarbeidande institusjonen. Folkebiblioteka går inn med sin kunnskap om ulike typar tekstar og medium til barn og unge, skulane og barnehagen med sin kunnskap om leseopplæring og den einskilde elev.

Hovudprosjektet vil dreie seg om å kartleggje og evaluere formidlingspraksisar i det einskilde delprosjektet, og å utvikle desse på bakgrunn av aktuell forskning og deltakarane sine erfaringar. Forskarar skal følgje prosjektet, gi råd undervegs og dokumentere arbeidet. Vi legg vekt på å få til eit godt samspel mellom praksisfeltet og forskarane, med tanke på kunnskapsspreiing både internt og eksternt. Lesarhistoriene til barn og unge som deltek, formidlarane sine refleksjonar og forskarane sine observasjonar utgjer empirien i prosjektet. Arbeidet i prosjektet handlar om å gjere biblioteka betre i stand til å oppfylle krava i den reviderte biblioteklova. Gjennom delprosjekta utforskar biblioteka rolla som formidlingsarena og læringsarena. Tilknytninga til eit større forskingsprosjekt i regi av HiOA sikrar fagleg kvalitet og at kunnskap som blir opparbeidd kan kommuniserast ut på ein vitenskapleg og systematisk måte.

Søker

Organisasjonsopplysninger

Organisasjonsnavn	Sogn og Fjordane fylkesbibliotek
-------------------	----------------------------------

Organisasjonsnummer	
---------------------	--

Kontonummer	
-------------	--

Institusjonens leder	
----------------------	--

Fornavn	Siri
---------	------

Etternavn	Ingvaldsen
-----------	------------

Telefon	
---------	--

E-post	
--------	--

Er institusjonens leder kontaktperson for prosjektet?

Budsjett

Tildelt beløp fra Nasjonalbiblioteket for alle prosjektårene:	120000
---	--------

Vedlegg

Vedlegg

- [Rekneskap-Lesarhistoria-forprosjektet-2014.xls](#)
- [Lesarhistoria-ny-veg-til-lesaren-prosjektplan-01-10-14.docx](#)